



12 elever frå Uskedalen i 8. klasse var med på turen

Ein statsråd let seg ikkje dupera av regnver, heller ikkje når statsråden er eit staseleg skuleskip på tokt med åttandeklassingar. Toktet med Statsraad Lehmkühl idag var ei våt oppleving men gjekk prikkfritt. Statsraaden passerte Uskedalen presis klokka 12.30 og la til kai i Rosendal 3 kvarter etter. Over 200 elever frå ungdomsskulane i Kvinnherad fekk vera gjester. Av dei var det 12 elever frå Uskedalen i 8. klasse på Rosendal ungdomsskule



Statsraaden ved Skorpo ved 12.30-tida

Etter ei buss- og ferjereise til Stord vart alle registrerte og gjort klar for turen inn Hardangerfjorden mot Rosendal. Straks etter avgang var det middag og dessert. Elevane fann seg godt til rettes og fekk gå fritt ombord på det

meste av den staselege seglskuta. Matrosane la opp til eit minikurs i tauknutar og fortøyning. Turen gjekk inn Storsund framom Uskedalen i 12.30-tida og nokre fekk bilete sende på mobiltelefonen frå foreldra heime.

Ikveld har skipet vore på cruise med verksemder og personalgrupper. Det snudde då utanfor Korsnes.



Tina Bakke Eik og Ingeborg Bjørnebøle til rors.



[Kaptein Marc Steidl legg skuta til kai i Rosendal](#)

Tekst, foto og nett: Kristian Olav Bringedal og Ola Matti Mathisen